

## **Samandrag *Baldrs draumar* / *Balders draumar***

1. Balder har drøymt illevarslande draumar, så æsene held ting og drøftar kva som kan gjerast.

2-4. Odin rid på overnaturleg vis til Hel. Der vekker han opp ei volve ['trolldomskunnig kone'] som ligg i ei grav og får henne til å prate.

6-11. Volva protesterer, men Odin kallar seg *Vegtamr* 'den veg-vane' og krev å få kunnskap:  
Kven er det gjort klart til [velkomst]fest for der i Hel? Odin får veta at alt står klart til Balder kjem, at det blir Balders bror Hòd som drep han, at han som skal hemne Balder blir Odins-sonen Våle, fødd av Rind, og at han kjem til å gjera det berre éi natt gammal.

12-14. Odin spør ei gåte som i alle fall ingen i dag kan svara på og som får volva til å skjøne at han ikkje er Vegtam, men Odin. Han svarar at ho ikkje er noka volve, men ei trollkjerring. Volva avsluttar med ei illevarslande strofe om Ragnarok.

Eldar Heide 09.9.2011 / 10.1.2017